

# Kommunereform i Sunnfjord

## Medlemmane i prosjektgruppa

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:

Øystein Høyvik  
Tlf. 57612650

Vår referanse:

15/399-1-ØH-002

Dato:

18.02.2015

## Kommunereform i Sunnfjord, referat frå møte i prosjektgruppa 13.02.15

Tidsråde : Kl 09.00 – 11.15

Stad : Førde rådhus, møterom Anga

### Til stades:

Jan Kjetil Øygard (til ca kl 10.00), Bente Nesse, Håkon Loftheim, Wenche Kvalvik, Øivind Bang-Olsen, Helge Følid, Ole John Østenstad, Børge Tvedt, Per Arne Tveit, Stian Jakobsen, Ola Hovland, Terje Heggheim Trond Ueland og Øystein Høyvik.

### Arbeidsform i prosjektet – nokre avklaringar

- Møte i styringsgruppa blir gjennomført på Scandic Sunnfjord Hotel og Spa i Førde
- Møte i prosjektgruppa blir gjennomført på Førde rådhus
- F-området til SYS-IKT blir nytta som prosjektbase. Øystein Høyvik ansvar for at Terje Heggheim, Jan Kåre Fure og Per Arne Tveit får tilgang til mappa
- Referat frå møte i prosjektgruppa blir sendt styringsgruppa og postmottak i kommunane.

### Gjennomgang av saksutgreiing og framlegg til vedtak

- Framlegg som var utsendt kommunane vart lest gjennom.

### Status kommunestyrevedtak

Kommune	Vedtak
Jølster	<ol style="list-style-type: none"><li>1. I samband med arbeidet med ny kommunereform tilrår Jølster kommune at kommunane Gloppen, Askvoll, Fjaler og Hyllestad vert invitert med i det vidare arbeidet med å lage eit utgreiingsprogram og intensjonsavtale for ein ny kommune. Kommunane deltek med fulle rettar og plikter i samsvar med vedteke mandat for SiS-kommunane.</li><li>2. Styringsgruppa har ansvar for å samordne utgreiingane og tingingane om intensjonsavtaler for så å legge fram eit felles framtidsbilete og ei samla vurdering innan 01.06.15 i samsvar med konklusjonane i felles formannskapsmøte 23.01.15.</li><li>3. Jølster kommune krev at det vert gjennomført rådgjevande folkeavrøysting når utgreiingsarbeidet er gjennomført og intensjonsavtaler er kjende</li></ol>
Førde	<ol style="list-style-type: none"><li>1. I samband med arbeidet med ny kommunereform tilrår Førde kommune at kommunane Gloppen, Askvoll, Fjaler og Hyllestad vert invitert med i det vidare arbeidet med å lage eit utgreiingsprogram og intensjonsavtale for ein ny kommune. Kommunane deltek med fulle rettar og plikter i samsvar med vedteke mandat for SiS-kommunane.</li><li>2. Styringsgruppa har ansvar for å samordne utgreiingane og tingingane om intensjonsavtaler for så å legge fram eit felles framtidsbilete og ei samla vurdering innan 1. juni 2015 i samsvar med konklusjonane i felles formannskapsmøte 23.01.15.</li></ol>

Naustdal	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. I samband med arbeidet med ny kommunereform tilrår Naustdal kommune at kommunane Gloppen, Askvoll, Fjaler og Hyllestad vert invitert med i det vidare arbeidet med å lage eit utgreiingsprogram og intensjonsavtale for ein ny kommune. Kommunane deltek med fulle rettar og plikter i samsvar med vedteke mandat for SiS-kommunane.</li> <li>2. Styringsgruppa har ansvar for å samordne utgreiingane og tingingane om intensjonsavtalar for så å legge fram eit felles framtidsbilete og ei samla vurdering innan 01.06.15 i samsvar med konklusjonane i felles formannskapsmøte 23.01.15.</li> <li>3. Naustdal kommune ynskjer også å få greidd ut samanslåing av kommunane Naustdal, Askvoll og Flora.</li> </ol>
Gaular	<i>Kommunestyret fatta vedtak 12.02.15, protokoll ikkje ferdig</i>
Flora	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. I samband med arbeidet med ny kommunereform i regi av SiS, sluttar Flora kommune seg til det vidare arbeidet med å lage eit utgreiingsprogram og intensjonsavtale for ein ny kommune. Kommunane deltek med fulle rettar og plikter i samsvar med vedteke mandat for SiS-kommunane.</li> <li>2. Styringsgruppa har ansvar for å samordne utgreiingane og tingingane om intensjonsavtalar for så å legge fram eit felles framtidsbilete og ei samla vurdering innan 01.06.15 i samsvar med konklusjonane i felles formannskapsmøte 23.01.15.</li> <li>3. Bystyret ber ordførar legge til rette og kalle inn til ein temadag/seminar med dei kommunane som kan inngå i eit kystalternativ. Dersom dette ikkje fører fram, skal Flora kommune sjølv utgreie eit kystkommunealternativ.</li> <li>4. Det vert gjennomført eit folkemøte/informasjonsmøte om arbeidet med kommunereforma i løpet av mars 2015.</li> <li>5. I samband med utgreiingsprosessane skal det haldast folkerøysting før endeleg avgjerd</li> </ol>
Askvoll	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. <ol style="list-style-type: none"> <li>a) Askvoll kommune sluttar seg til Mandatet for kommunereform i Sunnfjord og deltek med fulle rettar og plikter i utgreiingsprogrammet og tinging om intensjonsavtalar.</li> <li>b) Styringsgruppa har ansvar for å samordne utgreiingane og tingingane om intensjonsavtalar for så å legge fram eit felles framtidsbilete og ei samla vurdering innan 1. juli 2015.</li> </ol> </li> <li>2. Askvoll kommune sluttar seg til prosjektdirektiv og prosjektplan for ei utgreiing av ein ny kommune saman med kommunane Fjaler, Hyllestad og Solund. Utgreiingane og tingingane om intensjonsavtalar må vere samordna i tid med «Sunnfjordutgreiinga».</li> <li>3. Det skal gjennomførast folkehøyring før utgreiingane og intensjonsavtalane vert handsama i kommunestyret hausten 2015.</li> <li>4. Formannskapet får fullmakt til å godkjenne søknadane om fornyingsmidlar og endeleg prosjektplan for dei to utgreiingane.</li> <li>5. Askvoll sin del av kostnaden med utgreiingane skal innarbeidast i budsjettet for 2015 ved første budsjettrevisjon.</li> </ol>
Hyllestad	<i>Kommunestyrehandsaming 19. februar 2015</i>
Fjaler	<i>Kommunestyrehandsaming 23. februar 2015</i>
Gloppen	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. I samband med arbeidet med ny kommunereform i regi av SiS, sluttar Gloppen kommunestyre seg til det vidare arbeidet med å lage eit utgreiingsprogram og intensjonsavtale for ein ny kommune. Kommunane deltek med fulle rettar og plikter i samsvar med vedteke mandat for SiS-kommunane</li> <li>2. Styringsgruppa har ansvar for å samordne utgreiingane og tingingane om intensjonsavtalar for så å legge fram eit felles framtidsbilete og ei samla vurdering innan 01.06.15 i samsvar med konklusjonane i felles formannskapsmøte 23.01.15.</li> </ol>

Førebelse vurderingar knytt til kommunestyrevedtaka:

- Alternative utgreiingar må den enkelte kommune sjølv stå ansvarleg for
- Prosjektgruppe vil oppmode om at kommunane i samband med utgreiingsarbeidet gjennomfører informasjons-/ dialogmøte i mars og mai 2015

- Innbyggardialog i denne prosjektfasen utover kulepunktet over (eks folkeavrøysting) bør etter prosjektgruppa sitt syn den enkelte kommune sjølv syte for. Våren 2016 vil det bli gjennomført meir omfattande innbyggjarhøyring.

### **Status i Hafs og Nordfjord**

- Ola Hovland informerte frå arbeidet i Hafs
- Jan Kjetil Øygard informerte om pågåande arbeid i Nordfjord.

### **Utfordringsdokumentet**

- Kapittel 4 (utgreiingar) og kapittel 5 (intensjonsavtalar) vart gjennomgått
- Prosjektgruppa ser på innhaldet i kapittel 4 og 5 som retningsgjevande i det vidare arbeidet for å sikre best mogleg kvalitet i høve utgreiingar og avtalar.

### **Prosjektdirektiv**

- Utkast til prosjektdirektiv vart gjennomgått
- Ang deltaking i prosjektgruppa
  - Prosjektgruppa ser det som avgjerande at rådmennene sjølve deltek i prosjektgruppa
  - Prosjektgruppa føreset at alle kommunane prioriterer å delta fullt ut i møta
- Ang hovudaktivitetar – eit utval:
  - Alle kommunane skal innan 1. mars 2015 ha etablert prosjektorganisasjon i eigen kommune. Prosjektgruppa oppmodar om at kommunane organiserer dette arbeidet likt – med leiargruppa supplert med tillitsvalte som prosjektgruppe (og med Rådmann som prosjektleiar)
  - Informasjon-/dialogmøte med innbyggjarane i eigen kommune i mars og mai 2015
- Øystein Høyvik oppdaterer utkast i samsvar med drøftingar i gruppa
- Endeleg direktiv blir godkjent av styringsgruppa i komande møte.

### **Ansvarsdeling mellom prosjektet og den enkelte kommune sitt ansvar**

- Prosjektgruppa drøfta grensesnittet, og som vil bli nærare omtala i prosjektdirektivet.

### **Utgreiing av styringsordninga i den nye kommunen**

- Trond Ueland innleia om kva som skal utgreiast
- Terje Heggheim innleia om korleis utgreiingsarbeidet kan organiserast
- Prosjektsekretariatet får i oppgåve å skissere korleis arbeidet kan organiserast (inkludert innleige av ekstern bistand) for å bli ferdige seinast medio april 2015. Denne skissa skal oversendast prosjektgruppa pr epost for gjennomgang i forkant av komande styringsgruppemøte.

### **Eksterne utgreiingar (som ligg til styringsgruppa å bestille)**

- Ole John Østenstad innleia om utgreiingsalternativ
- Prosjektsekretariatet (i samråd med Mathias Råheim) arbeider vidare med denne fram mot komande styringsgruppemøte.

### **Søknad om skjønsmidlar frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane**

- Søknadsfrist 1. mars
- Øystein Høyvik er ansvarleg for å sende inn søknad i etterkant av komande styringsgruppemøte.

## Styringsgruppemøte 27. februar 2015

- Grunna stram framdriftsplan må styringsgruppemøtet avviklast 27. mars kl 10.00 - 12.00
- Øystein Høyvik i samarbeid med prosjektsekretariatet og Mathias Råheim utarbeidar nærare dagsorden
- Prosjektgruppa vil rå styringsgruppa til å invitere Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til å vere observatør i gruppa.

## Møteplan

- Prosjektgruppemøte i utgangspunktet anna kvar fredag
- Møte i styringsgruppa ca ein gang pr mnd
- Øystein Høyvik ansvar for å invitere til møte ut prosjektperioden.

## Eventuelt

- Ingen saker

Med helsing

Øystein Høyvik  
prosjektleder

Dette brevet er elektronisk godkjent av Førde kommune om det ikkje er signert.

## Kopi til:

Samarbeidande kommunar  
Styringsgruppa